



## DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Indre Sogn

Postboks 122

6851 Sogndal

dek 60

Kultur- og kirkedep. KI	
Saksnr. 03/385	Dato. 011203
Kode. 540	Beh. KAS

Sogndal, 28.11.03

DET KONGELIGE KULTUR- OG KIRKEDEPARTEMENT

Kirkeavdelingen

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

### HØYRINGSUTTALE FRÅ PROSTEN I INDRE SOGN - TENESTEORDNING FOR PROSTAR OG KYRKJELYDSPRESTAR

Viser til brev av 10.10.03 frå Departementet med utkast til ny tenesteordning for prostar og kyrkjelydsprestar, der ein ber om uttale innan 28.november.

Eg helsar dei nye tenesteordningane varmt velkomne, og er glad og takksam for at departementet på denne måten vil leggje til rette for ei betre leing av prestenesta for å gje betre tenestevilkår for prestane.

Særskilt vil eg framheva det som eintydig positivt at prosten ikkje lenger skal ha sokneprestansvar, men gjera kyrkjelydsteneste slik biskopen fastset.

Eg er og glad for at ein no går bort frå regelstyring og over til meir mål- og resultatorientert styring. Eg har difor ikkje ønskje om å få inn tillegg i tenesteordningane som har karakter av regelstyring.

(Ved å lesa § 1 i tenesteordning for Biskop får vi innhald i målformuleringa i § 1 i utkast til tenesteordning for prost)

## A TENESTEORDNING FOR PROST

### 1 RESULTATORIENTERT STYRING = VERDISTYRING

Eg vil gjerne sitera Frank Grimstad når han i siste nummer av KA forum skriv: *Tiden er derfor etter min mening overmoden til å tenke felles om verdier og utfordringer i det lokale lederskap. Vi trenger ledere som er opptatt av hva som "gagner Guds rike", som kan se og bekrefte mennesker og som tegner et bilde av den gode fremtid."*

Eg ønskjer at målformuleringane i tydelegare grad får inn eit ønskje om felles verdier og utfordringar i kyrkjelydane i prostiet, og at prosten har ansvar for å fremja kyrkjeleg samhandling i prostiet og ansvar for heilskapen i kyrkja sitt arbeid.

#### 1 a Ikkje nok at prostiet vert tenestedistrikt for prestenesta

Eg ser det som positivt at departementet no ønskjer at prostiet vert tenestedistrikt for prestenesta. Men då oppstår det ei spenning mellom prestenesta på prostnivå og det strategiske rådsarbeidet som skjer i mange små sokn, og mellom prestenesta og det administrative rådsarbeidet som skjer på kommunenivå.

No kan ikkje departementet i tenesteordning for prost og kyrkjelydsprest påleggja sokneråda eller felleråda å samarbeida. Men tenesteordning for prosten kan på ein meir direkte måte sei at prosten si leing også skal fremja samarbeid i prostiet mellom dei ulike kyrkjelege råda, og ha ansvar for heilskapen i det kyrkjelege arbeidet.

#### 1 b Prostiet må også verta strategisk nivå for kyrkjelydar, råd og tilsette.

For å gje prestane betre tenestevilkår og kyrkjelydane ei kvalitativt betre presteneste,

er det viktig også å arbeida for at samarbeid og heilskap veks fram mellom kyrkjelydane i eit prosti. *Det bør vera ei uttala målsetjing i tenesteordninga at prosten har ansvar for å arbeida for at prostiet i større grad kan verta eit strategisk nivå for kyrkjelydar og tilsette i kyrkja.*

**1 c Samanfattande: Forslag om tillegg i § 2**

Eg vil fremja forslag om at følgjande målformulering vert lagt til § 2 i utkastet til ny tenesteordning for prost:

*"Prosten skal fremme og støtte fellestiltak mellom prostiets menigheter, og bidra til samarbeid, gode kollegaforhold og godt åndelig fellesskap mellom de kirkelige ansatte i prostiet"*

**2. TILHØVE MELLOM IDEOLOGISK/STRATEGISK LEIING OG ADMINISTRATIV LEIING - § 5.**

Dette er eit tilhøve som arbeidet med ny kyrkjeordning må avklara og leggja til rette på ein ny måte. Innafor noverande kyrkjeordning må tenesteordninga for prostar skapa så tydeleg struktur som mogeleg.

§ 5 første avsnitt, er tydeleg , og gjev prosten ansvar for heilskap i det kyrkjelege arbeidet, samt pålegg samhandling med den administrative leiinga som kyrkjevevjerer og daglege leiarar har ansvar for.

§ 5 tredje avsnitt, første setning, er meint å vera konfliktførebyggjande, men kan verka konfliktskapande slik den no er formulert.

Dei kyrkjelege råda, ved kyrkjevevjerene, har arbeidsgjevaransvaret for sine kyrkjelege tilsette, og § 5 tredje avsnitt, første setning, er *regelstyring* utan mål, og kan verta opplevd som utidig innblanding i deira faglege kompetanse og ansvar.

Prosten "bistår biskopen i dennes embetsutøvelse", og biskopen skal "rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere" og "biskopen kan gi råd og veiledning".

**Samanfattande: Forslag om ny konfliktførebyggjande § 5, tredje avsnitt , første setning:**

*"Prosten ser til at de kirkelige råd og tilsatte har gode arbeidsforhold ved å gi faglige råd, rettleiding og oppmuntring ut fra sin kompetanse og ledelsesansvar."*

Andre setning som i utkastet: *Oppstår det konflikter....*

---

**B TENESTEORDNING FOR KYRKJELYDSPRESTAR.**

Dette forslaget er mange viktige steg i rett retning for å gje rom for den nye prosterolla og gode tenestevilkår for presten.

Forslaget vert likevel i for stor grad blanding mellom gammal og ny struktur. Slik må det kan henda vera så lenge tenesteordninga ikkje tek sikte på nyorganiseringa av prestetenesta over alt og til same tid.

Det må vera viktig å få inn i den nye tenesteordninga lærdom av forsøka med nyorganisering av prestetenesta. Eg har lytta til prost Geir Sørebo, Ytre Sogn.

**KONSEKVEN SAR AV NY TENESTEORDNINGA FOR PROSTAR FOR KYRKJELYDSPRESTANE SI TENESTEORDNING.**

**1. Prosten leier prestetenesta**

Det må vera eit skilje mellom oppgåva å leia prestetenesta, som er prosten si leiaroppgåve, og det å gjera presteteneste (§ 2 i tenesteordning for kyrkjelydsprest).

**2. Kyrkjelydspresten utfører presteteneste i sokna og utøver pastoralt leiarskap i sitt særskilde arbeidsområde**

a) Som ein konsekvens av prosten *leier prestetenesta*, så kan ein nytta formuleringa *pastoralt leiarskap* om det ansvar kyrkjelydspresten har i sitt særskilde arbeidsområde.

- b) Presten har pastoral leing knytt til sitt særskilde ansvarsområde, men rett å gjera presteteneste i heile prostiet.
- c) Presten har ein annan leiarfunksjon innanfor sitt særskilte arbeidsområde enn når han/ho gjer teneste i annan prest sitt særskilde arbeidsområde.

### 3. Prestetenesta må ha flat struktur

Skal prosten få lov å vera ein tydeleg og god leiar av prestetenesta i prostiet, må prestetenesta få ein flat struktur: *Alle kyrkjelydsprestar har prosten som sin næraste overordna.*

Dette innebær at sokneprestane ikkje har prestar under seg, men medarbeidarar dei samarbeider med / instruerer når dei utfører presteteneste og pastoralt leiarskap. (Slik som til dømes §7, andre avsnitt).

Kapellan utgår som stillingskode, noverande kapellanstillingar vert

- enten omgjort til sokneprestar, dersom dei har pastoralt leiaransvar for særskilt arbeidsområde som fell saman med eitt eller fleire sokn.
- eller omgjort til prostiprestar, dersom dei ikkje får eitt særskilt arbeidsområde. arbeidsområder.

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR

### Ny start på § 2

*"Presten utøver pastoral ledelse innen for sitt særskilte arbeidsområde i samsvar med kirkens ordninger.*

*Presten skal forvalte Ord og Sakrament....."*

### § 4

Første setning går ut - ingen prost bør vera sokneprest! Andre setning får følgjande start:

*"Tilsetting av menighetsprester foretas...."*

### Ny § 8

*Presten står under tjenestlig tilsyn av biskopen. Prosten er nærmeste overordnede for alle menighetsprester i prostiet. Tjenestlig korrespondanse med høyere myndighet skal gå tjenesteveg gjennom nærmeste overordnede.*

### Ny § 9

*Alle menighetsprester har hele prostiet som tjenstedistrikt og pastoralt lederansvar for et særskilt arbeidsområde eller særskilt tjeneste innenfor dette tjenstedistriktet.*

*Ny § 10 som svarer til § 10 første avsnitt, i Departementet sitt utkast(2. og 3. avsnitt går ut)*

### §13

*"Sokneprest" vert endra til "Presten" i første avsnitt.*

*"Den kirkebokførende prest" endres til "ansvarlig prest i vedkommende arbeidsområde"*

Elles vil eg også her få gje uttrykk for ønskje om minst moglege reglar inn i tenesteordninga, dei må koma inn i instruks. Då vert det mogleg å gje prestane gode tenestevilkår, tilpassa den tenesta dei står i, i sitt tenestedistrikt, og med rom for individuelle fargelegging på tenesta slik prost vil opna opp for i si leing av prestetenesta i prostiet.

Med vennleg helsing

Jørmod Hausberg  
Prost i Indre Sogn

